

Urettferdig behandla?

Har du opplevd å bli urettferdig forskjellsbehandla? Da kan du ha blitt diskriminert. Norsk lov forbyr diskriminering på grunn av etnisitet, religion, seksuell orientering, funksjonsevne, kjønn eller alder. Det er også forbode å mobbe eller trakassere nokon på grunn av dette.

Eksempel på diskriminering og trakassering:

- Ei kvinne får ikkje jobb fordi ho er gravid.
- Ein blind person får ikkje lov til å ta med seg førarhunden sin inn på restaurant.
- Ein ungdom får ikkje kome inn på ein utesstad fordi han er mørk i huda.
- Ei muslimsk kvinne får beskjed om at ho må ta av seg hijaben når ho er på jobb.
- Ein homofil mann får stadig kommentarar og vitsar om den seksuelle orienteringa si.

SEI IFRÅ!

Likestillings- og diskrimineringsombodet hjelper enkeltpersonar som har opplevd diskriminering.

Kven er LDO?

Likestillings- og diskrimineringsombodet, LDO, er ein statleg organisasjon som arbeider for likestilling og mangfold.

LDO skal sørge for at lovane som forbyr diskriminering, blir følgde. Alle som opplever at dei blir diskriminerte, kan ta kontakt med oss. Vi gir råd og hjelp, og om du vil, kan vi hjelpe deg med å klage på diskrimineringa. Det er gratis å bruke LDO.

Likestillings- og diskrimineringsombodet heiter Sunniva Ørstavik. Ho har over 60 tilsette som hjelper henne i arbeidet mot diskriminering.

Likestillings- og diskrimineringsombodet skal kjempe mot diskriminering og fremme likestilling på grunnlag av blant anna kjønn, etnisitet, religion, funksjonsevne, seksuell orientering og alder.



Likestillings- og diskrimineringsombudet



ombod
Sunniva Ørstavik

Ta kontakt med oss!

Grønt nummer: 800 41 556

Telefon: 23 15 73 00


Telefaks: 23 15 73 01

Mariboesgate 13, 4. etasje
Postboks 8048 Dep, 0031 Oslo
E-post: post@LDO.no
www.LDO.no



design: www.cox.no illustrasjon: Lars Aurstad

Urettferdig behandla?
SEI IFRÅ!
Ombodet hjelper deg



Likestillings- og
diskrimineringsombudet



URETTFERDIG BEHANDLA?

Har du opplevd å bli forskjellsbehandla på grunn av kjønn, etnisitet, religion, språk, seksuell orientering, funksjons- evne eller alder? Da kan du ha blitt diskriminert.



SKRIV NED DET SOM SKJEDDE

- Kva har skjedd?
- Kven gjorde det?
- Kvar skjedde det?
- Når skjedde det?
- Var det nokon som såg det og kan bekrefte det?



FINN DEN ANSVARLEGE OG SEI IFRÅ!

Finn ut kven som har ansvaret for diskrimineringa, og sei ifrå direkte. Om du ikkje fortel om diskrimineringa, er det vanskeleg å gjere noko med det. Diskriminering kjem ofte av mangel på kunnskap, ikkje vond vilje. Om du seier ifrå, kan det hende saka løysar seg sjølv.



KONTAKT LDO

Likestellings- og diskrimineringsombodet (LDO) gir råd og hjelp til alle som blir diskriminerte. Vi kan vurdere om forskjellsbehandlinga du har opplevd, er i strid med diskrimineringslovene, og vi kan hjelpe deg med å klage.



DU KAN KLAGE

Om du vel å klage på diskrimineringa, vil LDO kontakte dei du har klaga på, for å høyre kva versjonar dei har av saka. Om LDO meiner det er grunn til å tru at du har blitt diskriminert, er det den du har klaga på som må bevise at diskrimineringa ikkje har skjedd.



ANDRE LØYSINGAR

Om diskrimineringa er vanskeleg å bevise, eller du ikkje ønskjer å klage, er det mogleg å løyse saka på andre måtar. I så fall kan LDO gi deg råd om kven du kan kontakte for å få hjelp.



DET NYTTAR

Mange klarer å stoppe diskrimineringa etter å ha fått råd og hjelp frå LDO. Råda kan hjelpe dei til å bli einige med dei ansvarlege om ei løysing på situasjonen. Ved å klage til LDO bidreg du òg til å spreie kunnskap om diskriminering. Slik kan andre sleppe å bli dårleg behandla i framtida.



KONTAKTINFORMASJON

Ring oss på: 800 41 556,
Skriv til oss på: post@ldo.no,
Send brev til LDO: Postboks 8048 Dep,
0031 Oslo, eller sjå www.LDO.no
for meir informasjon.

Du kan òg besøkje oss i Mariboes gate 13 i Oslo. Vi kan skaffe tolk.